



UNGDOMMENS KULTURMØNSTRING NORGE  
SØR-TRØNDELAG FKF  
Fjordgata 1  
7010 TRONDHEIM

Dato: 30.11.2017  
Vår ref.: 2016/9494-105  
Saksbehandlar: maraskv  
Dykkar ref.:

## **Innspel vedk. samtykkeerklæringa og reiseleiarar under UKM-festivalen**

Samtykkeerklæringa «HMS-rutinar på UKM festivalen» (vedlegg 1) vart sendt frå festivalarrangør 20.juni 2017 med spørsmål om å signere denne. Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune svarte med å signere eit revidert samtykkeskjema (vedlegg 2). Vi fekk ingen tilbakemelding på dette.

Slik erklæringa står skriven i vedlegg 1 var oppe til diskusjon under UKM-konferansen i Riga hausten 2016 og i referatet stod det at *Skjema med fullt ansvar for sine egne deltagere må eventuelt endres.*

På bakgrunn av ei grundig og heilskapleg vurdering konkluderte Hordaland fylkeskommune med at det ikkje ville vere aktuelt å signere erklæringa slik den står skriven i vedlegg 1. Ein vel difor å grunngi til UKM Norge kvifor Hordaland fylkeskommune har kome fram til denne konklusjonen.

*Pkt. 1: Deltakerne reiser i fylkesvise grupper, og det er fylkenes ansvar at deltakerne følger de ordensreglene som er utarbeidet av UKM Norge, og som gjelder for festivalen.*

Det er ikkje mogleg for Hordaland fylkeskommune å garantere dette, og heller ikkje eit ansvar ein fylkeskommune kan ta på seg på ein juridisk bindande måte. Dette er det den einskilte myndige deltakar som har, eller dei føresette til ein umyndig deltakar.

*Vi erklærer herved at*

*a. Vi vil ta fullt ansvar for alle våre deltakere under festivalen.*

Det må skiljast mellom kva som er fylkeskommunen / reiseleiar sin oppgåve og kva ansvar som fell på festivalarrangør. Som nemnt under kommentar til Pkt 1 så kan ikkje ein fylkeskommune ta på seg ansvar for deltakerane på ein juridisk bindande måte. Hordaland fylkeskommune kan garantere å sende trygge reiseleiarar saman med deltakarane og at deltakarane vert fylgt opp av desse på vanleg vis under festivalen. Vidare undrar ein seg over kva UKM Norge meiner med at fylkeskommunane skal ta på seg «fullt ansvar» for deltakerane.

Dei som blir med som reiseleiarar under UKM-festivalen skriv under kontrakt med Hordaland fylkeskommune og er mellombels tilsette i det aktuelle tidsrommet. I nemnte kontrakt pliktar m.a. reiseleiarane å følgje ordensreglementet og følgje opp at deltakerane frå Hordaland også respekterer og følgjer dette. Reiseleiarane har såleis m.a. i oppgåve å sørgje for at deltakarane er på plass i seng til rett tid. Reiseleiarane har vidare rett på å sove til dei same tidene som deltakarane under festivalen.

Under tidlegare UKM-festivalar er det fleire døme på at UKM-deltakerar ikkje har respektert ordensreglementet med å t.d. vere stille frå 00:00-07:00. At 550 ungdommar som deltek på eit ungdomsarrangement over fleire dagar skal klare å vere stille saman i dette tidsrommet er ikkje ei lett oppgåve. Men når bråk i dette tidsrommet oppstår, må det vere ansvarlege vaksne frå festivalarrangør tilstade som kan vere med og følgje opp dette. Når det oppstår situasjonar der deltakerar frå eit eller fleire fylker står opp om natta for å gjere noko anna enn å sove, så meiner Hordaland fylkeskommune at dette ikkje er reiseleiar sin oppgåve i tidsrommet 00:00 – 07:00. Reiseleiarane har som nemnt i dette tidsrommet rett på å sove. Det er då festivalarrangør sitt ansvar at det er fleire ansvarlege vakter på overnattingsarena som sørgjer for at desse deltakarane ikkje vekker andre deltakarar eller kjem seg ut av overnattingsarena.

For å hindre at deltakarar kjem seg ut av overnattingsarena, må det vere vakthald tilstade ved alle inngangsdører til arena under arrangementet frå 00:00 – 07:00. Dersom det er lagt opp til at det er mogleg å bryte ordensreglementet ein natt, t.d. siste natta, slik at deltakarar har høve til å vere oppe heile natta, så må festivalarrangør ta ansvar for at det ansvarleg vaksne tilstade. Det er ikkje ei oppgåve for reiseleiarane å passe på deltakarar ved slike høve i tidsrommet 00:00 – 07:00.

Vi håper at UKM Norge vil ta ovannemnte til etterretning og ser fram til positivt samarbeid.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*